

10.00-10.40, Mimes Brønn

10 års fleirstemd samarbeid: Kva har vi lært? Kva har vi gjort?



Brynjulf Stige. Foto: Privat.

Brynjulf Stige er professor i musikkterapi ved Griegakademiet (UiB) og leiar for Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, eit nasjonalt samarbeid mellom academia, tenesteytarar og -brukarar. Stige har hatt ei aktiv rolle i oppbygginga av norsk musikkterapiutdanning og -forskning sidan 1980-talet og har også vore aktiv i etablering og utvikling av *Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies* og dei internasjonale fagfellevurderte tidsskrifta *Nordic Journal of Music Therapy* og *Voices: A World Forum for Music Therapy*. Som forskar har han vore opptatt av musikkterapiens teoriutvikling og har m.a. fokusert på tema som psykisk helse, menneskerettar og medborgarskap.

Samandrag

Norsk og internasjonal forskning viser at musikkterapi har positive helseeffektar. Musikkterapi er då også tilrådd i fleire nasjonale retningslinjer. Brukarundersøkingar viser at mange ønskjer seg musikkterapitilbod. Men slike tilbod er framleis berre i liten grad tatt i bruk i tenestene. Kan kunnskapsklynga Polyfon gjere det lettare å kome over implementeringsgapet? Uttrykket *implementeringsgap* handlar då om den kritiske fasen der ein sosial innovasjon viser lovande resultat, men manglar rammer og nødvendig støtte for å bli eit implementert tilbod. Polyfon er etablert for å ta tak i denne type tematikkar. Samstundes er det behov for å fremme brukarmedverknad og praksisnær kunnskapsutvikling. Det er difor også grunn til å vere opptatt av det som i NOU 2025: 7 vert kalla *potensialsvinn*, nemleg kva brukarar, tenester og samfunn tapar på at musikkterapi ikkje vert tatt i bruk. Kva har 10 år med fleirstemde klyngesamarbeid lært oss? Kva arbeid står igjen å gjere?

Referansar

Bronfenbrenner, Urie (1979). *The Ecology of Human Development. Experiments by Nature and Design*. Cambridge, MA: Harvard University Press.

Hudson, B., Hunter, D. & Peckham, S. (2019). Policy failure and the policy-implementation gap: can policy support programs help? *Policy Design and Practice*, 2:1, 1-14, DOI: 10.1080/25741292.2018.1540378

Slagstad, Rune (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.

Panelsamtale om implementering av musikkterapi i arbeid med barn og unge



*Kaja Elise Enge
(musikkterapeut i Barne-
og familiehjelpen,
Bergenhús/Årstad, Bergen
kommune). Foto: Privat.*



*Guro Parr Klyve
(musikkterapeut i Psykisk
helsevern for barn og
unge, Helse Bergen). Foto:
Privat.*



*Johannes Medlien
(musikkterapeut ved
Katedralskolen og Årstad
vidaregåande skule,
Vestland
fylkeskommune). Foto:
Privat.*